Bjørkås. (Laurits)

Livskvalitet og trivsel.

a) Kva fungerer godt i dag?

a) Gr 1. Det meste syns vi fungerer godt i Skjåk av kommunale tenester. T.d. heimesjukepleie og barnehage. Det er utfordrande å bu i ein utkant når ein oppnår så høg alder at ein ikkje lenger kan køyre bil. Eit breiare kollektivtilbod er sakna.
Gr.2. MYE!!!
Gr 3: Aktivt lokalsamfunn, det finnes mykje forskjellig (aktivitet) og ei enorm dugnadsand.

b) Kva kan gjerast for å betre trivsel gjennom heile livet?
Gr.1. Nei si dæ…
Gr 2. Kommunal veg- Ikkje privat. Der folk bur.

Gr 3:

- Omsorgstenesta, det er viktig å ta vare på dei eldre.
- Fleire eldreboliger
- Viktig å oppretthalde grendene. Ikkje meir fråflytting frå bygdene. Levande bygder er viktig for trivsel. Det bør vere buplikt og lys i glasa.
- Viktig å oppretthalde lokal barnehage (Dønfoss)
- Behalde ting som fungerer i dag.
- Lokal butikk (Dønfoss)
- Minigolf
- Pumptrack
- Lysløype

Helse og omsorg

a) Korleis opplever du tilgangen og kvaliteten til helse og omsorgstenester i dag?
Gr 1: Det fungerar bra!
Gruppe3:
- Vi har lokale legar. Dette er positivt.
- God tannlegeteneste.
- Litt ymse attendemeldingar på jordmortenesta. Viktig teneste da det er langt til neste.
- Frivilligtenesta fungerer fint, spesielt på Skjåkheimen.

- Lang ventetid på å kome inn på Skjåkheimen.Med eldrebølga som kjem er dette ikkje bra.
- Viktig å rekruttere sjukepleiarar, heimehjelp/ vernepleiarar. Utruleg viktig yrke!
- Ungdomsskulen har utplassering til ulike bedrifter og sommarjobbprosjektet er viktig for rekruttering.

b) Kva må til for at folk kan leve trygge, sjølvstendige og aktive liv så lenge som mogleg?
Gr 1: Sterk oppegåande infrastruktur, vatn, ved, heimesjukepleie som fungerer, så det er mogleg å bu heime så lenge ein vil og kan. Samt eit sosialt nettverk av noko slag.
Gr 2: Fleire PU-boliger
Gr3:
- Viktig med ein god helse og omsorgsteneste, Ikkje alle har råd eller moglegheit til ei støtteordning som går ut over heimetenesta.
- Det burde vore ei ordning for enkelte med sosial omgang eit par timar i veka for summe. Dette kunne vore eit privat tilbod. Kanskje ei ny næring?

Bustader

a) Kva meiner du om utvalet av bustader i Skjåk for ulike livsfasar og behov?
Gr 1: Det er behov for fleire eldreboliger
Gr 2: For få bustadar.
Gr 3: Innføre buplikt i Skjåk.
Det er svært vanskeleg å finne ein stad å leige og å kjøpe. Det står mange tomme hus som ser tilsynelatande tomme ut, men dei blir nytta kun til FERIEHUS… Og dei vil ikkje selgje. Vi veit om mange(minimum 7 stk) som kunne vore interessert i å kjøpe seg gard men som ikkje får moglegheit. Det er ein marknad som ikkje fungerer. Det er for få utleigebustadar og.
Det er for få sentrumsnære bustadar/ eldrebustadar og gardar ut på marknaden.
Kan prøvebu prosjektet vore prøvd utanfor Bismo og ikkje sentrumsnært?

b) Korleis kan bustadområde, sentrum og offentlege møteplassar bli meir tilgjengelege og triveleg for alle?
Gr1: Ingen svar
Gr 2: Universell utforming på utestadar. Evt. Handhevast ved bruk av skjenkeløyve.

Gr 3:

- Variert tilbod på både eige og leige, størrelse, plassering og område.
- Sjå til Gausdal for rin mogleg samkøyringsteneste for å kunne sjå om fleire kunne ha behov for fleire ting som handling, sosiale treffpunkt mv.
- Kan vi sende invitasjon til bedriftene med prøvebu modellen? Bedrifter kjøper x-antal leiligheiter til ansatte, prosjektstillinger osv. (Noko for Nis?)

Fellesskap, aktivitetar og frivilligheit

a) Korleis opplever du møteplassane og aktivitetstilboda vi har i Skjåk i dag?

a) Gr 1: Det verkar å vere noko for dei fleste!
Gr 2: Friviljugsentralen er viktig for alle.
Gr 3: Mykje variert og gode tilbod! Men det er vanskeleg å finne alle aktivitetane. FRISKUS er kjempebra, men fleire må bruke systemet. Problemet er at alle må på nett.

b) Kva kan vi saman gjere for å styrke fellesskap og motverke utanforskap?
Gr1: Invitere grannen på kaffe, er ein god start.
Gr 2: Meir aktivitet i grendehuset. Bjørkås.
Gr3: Invitere på kaffe, men vanskeleg for mange.
Viktig å skape møteplassar for «Gud og hvermann». Prøve å treffe ulike aldersgrupper og med ulike aktiviteter. Ikkje berre for tilflyttarar men på tvers av alle! Moglegheit: vors før countryfestivalen. 😊

Arbeid og kompetanse

a) Kva er viktig for å tiltrekkje, utvikle og behalde arbeidskraft i Skjåk?
Gr 1: Barnehageplassar til alle, boliger, arbeidsplassar, ledig areal til næringsformål.
Gr 2: Arbeidsplassar, Synlegheit gjennom bedriftsprofilen.
Gr 3: Legge til rette for grunderverksemd. Skape nye arbeidsplassar. Synleggjere kva for arbeidsplassar og stillinger som finst her og utvalet av bedrifter. Pluss at det må vere moglegheiter for å bu ein stad. Stryvo td: har behov for fleire sveisarar. Men streva med å få tak i folk. Det bør vere fleire yrkesretta linjer på vidaregåande.

b) Korleis kan fleire få tilgang til arbeid og nytte kompetansen sin?
Gr 1: Det må vere stor variasjon i type arbeid og mengde arbeid.
Gr 2: Lærlingar.

Gr 3: Vere fleksibel i kva for utdanning ein tek. Inspirere tidleg for å syne fram bredden av yrker i Skjåk.

Skjåk-sjela

a) Kva kulturminne, verdiar, tradisjonar og særpreg ved Skjåk bør vi ta vare på og føre vidare til komande generasjonar?
Gr1:

- Tradisjonar rundt mat, bekledning, jakt og fiske.
- Kulturminne: treskjæring, jakt og fangstanlegg, hoppbakken i Bråtå t.d. «Bek-omn» på Bråtååsen. Vatningskultur, pålebrue.
- Verdiar: Dugnadsånd
- Særpreg: Nøysomheit.

Gr2:

- Skjåk-maten
- Jakt og fiske
- Dialekta
- Musikk og litteratyr
- Treskurd/ tradisjonshandverk.

Gr3:

- Byggeskikk
- Mathandtering
- Musikk/ dans
- Dialekt
- Jakt og fiske kulturen
- Handtverk

Prioriteringar

a) Kva er dei viktigaste sakene kommunen bør prioritere dei neste fire åra?

Gr 1:

1. Bevare dei arbeidsplassane som er, om mogleg skape nye.
2. Bustadutvikling
3. Eldreomsorg og barnehage

Gruppe 2:

1. Viltforvaltning- for stor bestand av hjortevilt!
2. Fleire bustadar for PU og eldre

3. Parkering for store køyrety.

Gr: 3:

1) Allsidig boligmarknad
2) Gang og sykkelveg gjennom heile bygda.
3) Synleggjere7 skape kometansearbeidsplassar.

b) Kva bør kommunen bruke mindre ressursar på?

Gr3: Bruk mindre bussar i Bråtå! Det er drygt med store bussar på fåe personar.

Voldsomt kor mykje det blir strødd og brøyta om vinteren...

c) Benytte kjøpesenteret betre. Eit meir levande kjøpesenter
d) Lage eit meir innbydande sentrum som lokkar fleire menneske inn.